



Meddomar?

Sju spørsmål og svar for deg som skal døma

1 Kvifor du?

Når du blir innkalla til å vera meddomar skjer det etter ei trekning med utgangspunkt i meddomarlistar valde av kvart kommunestyre i landet. Til saman 50 000 personar står på slike lister i Noreg. Ut frå ein lang og stolt tradisjon byggjer vårt rettssystem på ei overtyding om at deltaking av alminnelege borgarar i straffesakene både gjer rettsavgjerdene betre, sikrar demokratisk kontroll med den dømande makt og bidreg til at domstolane vert forankra i folket. At akkurat du er vald til å representera befolkninga, syner at du er vist stor tillit – og tek eit stort og viktig samfunnsansvar.

Du har ei avgjerande rolle i retten. Som meddomar skal du vera med og ta avgjerder, og røysta di tel like mykje som fagdomaren si. Fagdomaren har juridisk utdanning og erfaring. Du skal bruka av din livskunnskap og di erfaring. Om bakgrunnen til domarane er forskjellig, vil det for alle domarar gjelda visse krav og forventningar. Dei tema som vert tekne opp i det følgjande, er det særleg viktig at du er merksam på.

2 Inhabilitet – kva må sjekkast før rettssaka startar?

Som meddomar vil du få tilsendt innkalling, og av og til saksdokument, før du skal møte i retten. Sjekk då snarast om du kjenner nokon av dei namna som går fram av papira du har fått tilsendt, og gje beskjed til retten om dette er tilfelle. Når du møter i retten, vil fagdomaren gå igjennom namna på alle som er involverte i saka. Dersom du vert merksam på namn du har eller har hatt ei tilknytning til, så er det viktig at du gjev beskjed om dette. Sjølv om tilknytninga kan verke laus og lite personleg etter di vurdering, så er det viktig du tek det opp, slik at habiliteten din kan bli vurdert. Du kan òg bli inhabil – det vil seia at du ikkje kan vera domar i saka – av andre grunnar. Har du ytra deg om den konkrete saka eller ei liknande sak, til dømes i sosiale medium, kan det gjera deg inhabil. Vert inhabilitet konstatert etter at saka er godt i gang eller er ferdig, må heile saka gjennomførast på nytt med nye domarar. Det er ugreitt for alle. Tenk difor nøye igjennom om det kan vera grunnar til at du er inhabil, og ta det opp med retten så tidleg som mogleg.

3 Korleis opptrer ein domar nøytralt?

Ei sentral forventning til alle domarar er at dei opptrer nøytralt. Tenk difor igjennom korleis du står fram for andre. Det gjeld både kva du har på deg i retten, kroppsspråket ditt og måten du ordlegg deg på. Det siste kan gjerne by på uvande utfordringar. Samstundes som det er viktig at du som domar ikkje brenn inne med spørsmål, er det tilsvarande viktig at spørsmåla ikkje vert stilte slik at du tilkjennejev eit standpunkt. Som domar skal du ikkje ta standpunkt før alle bevis er førte og alle argument er høyrde. Still difor opne spørsmål i retten, utan at det går fram av spørsmålet kva du sjølv meiner om noko som helst.

Å opptre nøytralt handlar ikkje berre om korleis du står fram i det ytre. Som domar skal du gå til saka med eit ope sinn. Det betyr ikkje at du skal leggja att deg sjølv, og dine erfaringar, på gangen når du går inn i rettssalen. Men det betyr at du ikkje skal ta med deg fastlåste standpunkt i møte med dei spørsmål saka reiser. Å stilla med eit ope sinn betyr at du lyttar kritisk til det du får presentert i retten, og at du er open for at ting kan stilla seg annleis enn det førsteintrykket gav deg grunn til å tru.

4 Kva betyr det at straffeskuld må vera bevist?

I straffesaker vil som oftast bevisføringa vera det som tek mest tid, og som er det sentrale i saka. Vert dei påståtte handlingar som er skildra av påtalemakta i tiltalevedtaket, funne beviste?

Bevis kan vera så mangt. Munnlege forklaringar frå tiltalte, fornærma, vitne og sak-kunnige er ei form for bevis. Vidare har vi reelle eller tekniske bevis. Det kan til dømes vera gjenstandar, DNA-funn, datasporing, bilete osv. Ei anna gruppe er dokumentbevis. Dette er skriftleg materiale i ei eller anna form.

Ingen kan dømast utan at straffeskuld vert funnen bevist. I dette ligg det at påtale-makta både må føra bevis for at den tiltalte faktisk har utført dei handlingar han eller ho er tiltalt for, og at vedkomande har gjort det med naudsynt skuld. Forenkla handlar det siste som oftast om at den tiltalte må ha visst kva han eller ho gjorde, då handlingane vart utførte. Det er bevisføringa i retten, og berre den, som er avgjerande for om straffeskuld vert funnen bevist. Kva ein elles måtte vita om saka, til dømes gjennom media,



må ein sjå vekk frå. Likeins må ein domar aldri prøva å innhenta bevis på eiga hand, for eksempel ved å spørja ut folk utanfor rettssalen eller reisa på privat synfaring. At domarane berre kan ta omsyn til bevis som er førte i retten, handlar om det vi kallar retten til kontradiksjon. I dette ligg det at kvar av partane har rett til å bli høyrd og har rett til å bli kjend med kva den andre parten gjer gjeldande, før dom vert sagd. Reint praktisk betyr det at berre dei opplysningar som har vore framme i retten, kan leggjast til grunn når saka skal avgjerast. Dette inneber igjen at dersom ein domar festar seg ved opplysningar i saksdokumenta som ikkje vert fremja i rettssalen, så kan ikkje desse opplysningane brukast når dom skal seiast. Alle opplysningar som skal brukast som bevis, må ha vore underlagde kontradiksjon.

I strafferetten er det eit grunnleggjande utgangspunkt at all rimeleg tvil skal koma den tiltalte til gode. Retten skal vera overtydd om at den tiltalte er skuldig, for å kunna domfella. Det er den samla bevisvurderinga som er avgjerande. Ved denne vurderinga vil gjerne nokre bevis verta tillagde stor vekt, og andre mindre. Vi har ei såkalla fri bevisvurdering i norsk rett. Det betyr at vi i motsetnad til mange land ikkje har reglar for korleis bevisa skal vurderast og vektleggjast. Ei god bevisvurdering skjer når ulike argument vert prøvde ut saman med dei andre domarane. Det skjer i domskonferansen etter at bevisføringa er over. Det er alltid nyttig å ha gjort seg notat frå bevisføringa til hjelp i domskonferansen.

5 Kva kan opplevast vanskeleg?

Mange straffesaker handlar om livsforhold som er ukjende og skremmande for dei fleste av oss. Det kan handla om vald, overgrep, gruvekkjande skader, ulukkelege skjebnar og ikkje minst barn. Sakene kan ofte gjera sterkt inntrykk, både gjennom dei personane som står fram i retten, og gjennom bilete og film som vert viste fram. Det er ikkje lett å førebu seg til slike inntrykk. For deg som domar er det ei særleg utfordring at du er forventa å opptre nøytralt, og at du difor må unngå å gje uttrykk for korleis du opplever ting i retten. Om domarane ikkje kan dela opplevingar og inntrykk med utanforståande, så kan de bruka kvarandre når de er åleine. Gjer det.

Uavhengig av om saka er svært alvorleg eller ikkje, og uavhengig av om du er ny eller erfaren som domar, så kan det gjerne opplevast vanskeleg å ta stilling i sakene. Ei rettssak er i seg sjølv forvirrande ved at partane gjensidig sår tvil om det den andre påstår. Heldigvis fell ofte ting på plass etter kvart. Dei fleste spørsmål som melder seg for ein domar innleiingsvis i ei sak, får ei avklaring etter kvart som bevisføringa skriv fram. Sjølv om det likevel kan opplevast vanskeleg å ta stilling, så er det viktig å hugsa på at nokon må ta ei avgjerd, og at akkurat du er vist tillit til å ta denne.

6 Kva skjer i domskonferansen?

Etter at forhandlingane i rettssalen er avslutta, skal domarane ta avgjerd. Dette skjer i ein domskonferanse der meddomarane og fagdomarane drøftar og tek stilling til alle spørsmål i saka i fellesskap. Domskonferansen vert leia av ein fagdomar.

I domskonferansen tek ein først stilling til om den tiltalte er skuldig. Dersom den tiltalte vert funnen skuldig i noko, går ein over til spørsmålet om straff. Det er viktig å skilja klart mellom skuld og straff. Om den tiltalte var i ein vanskeleg situasjon på gjerningstidspunktet, eller om det er andre formildande omstende, vil ikkje ha noko å bety for spørsmålet om han er skuldig, men kan vera relevant i forhold til eventuell straff. Fagdomaren vil kunna gje rettleiing i domskonferansen om aktuelle spørsmål, men det er sentralt i vår prosessordning at alle domarane deltek på lik line og har ei

stemme kvar. For at ein tiltalt skal kjennast skuldig i ei meddomsrettsak i tingretten, må minst to av dei tre domarane stemma for skuld. I meddomsrettssak i lagmannsretten må minst fem av sju domarar stemma for skuld for at den tiltalte skal kjennast skuldig. Når det gjeld fastsetjing av straff, gjeld det vanlegfleirtalskrav både i tingretten og lagmannsretten.

Når du deltek i domskonferanse er det viktig at du tek din del av ansvaret for dei avgjerder som skal fattast. Er det argument som du meiner bør vera med i vurderinga, må du syta for at dei vert tekne opp. At argument vert brynte mot kvarandre, gjev ofte eit sikrare grunnlag for den avgjerd som til slutt vert fatta. For å tryggja diskusjonen og dermed grunnlaget for avgjerda, er det heilt sentralt at ein har respekt for ulike syn. Hugs på at det er teieplikt om kva som vert sagt i denne type møte.

Ulike syn undervegs kan resultera i semje til slutt, eller at ulike syn kjem til uttrykk gjennom votering. I meddomsrettssakene vil fagdomaren deretter skriva eit utkast til ein grunnjevne dom. Er det ulike syn – dissens – vil desse ulike syna koma til uttrykk i domen. Alle domarane får domsutkastet til gjennomlesing, og eventuelle endringar vert gjorde. Er det dissens, står du som domar inne for det som er sagt under den del av grunnjevninga du stiller deg bak. Domen vert sagt ved at domarane skriv under på siste sida av domen. Frå dette tidspunktet vil normalt domen vera offentleg.

7 Etter at dom er sagt?

Når domen er offentleg, vil alle kunna gjera seg kjende med domsresultatet og grunnjevninga. Likeins om det er dissensar, og i så fall kven som meinte kva, der domarane vurderte spørsmål ulikt. Det er sjeldan at domarar vert identifiserte i omtalen av saker i media, men det kan skje. Vert du som meddomar kontakta av media, bør du unnlata å kommentera forhandlingane og domen. Eit dekkjande svar er at det retten har å seia, går fram / vil gå fram av domen, og noko meir er det ikkje å leggja til. Skulle du bli utsett for uynskte hendingar som meddomar, er det viktig at du melder frå til fagdomaren eller domstolen.

